



I skrivande stund er det akkurat ei veke att til julemarknaden og julegrantenninga. Etter ein samtale med Klara Bakke i Aktivitetshusets Damevenner kan vi slå fast at den driftige damegjengen har full kontroll.

- Det vert etter same leist som tidlegare, kan Klara fortelja. Dei ser sjølvsagt ingen grunn til store omleggingar på noko som har vorte ein så stor suksess med publikumtilstrøyming frå heile Kvinnherad.

- Vi kan ikkje gå ut med endeleg program enno, for sjølv om det meste er i boks, er det framleis nokre lause trådar. Vi skal ha siste møte i arrangementskomitèen mandag, og då vil nok desse trådane koma på plass.

- Men noko kan du vel røpa alt no?

- Ja, det aller viktigaste skjer kl.17.00. Då vert julegrana tent, og dei kjende og kjære julesangane er sikra. Både vaksnemusikken og skulemusikken stiller. I uteområdet vert det salgsboder. I tillegg har skuleklassane laga fine juleprodukt som dei vil selja oppe i Helgheim.

Klara fortel vidare at det vert grautservering i Helgheimskjellaren, medan ein kan ta turen i Gamleskulen for å kosa seg med kaffi og all slags gode kaker. Her kan vi og få kjøpa Damevennene sin spesielle og heimalaga konfekt.

Turngruppa skal ha julebutikk i det gamle bakeriutsalet. Der vil dei selja både heimalaga julekjeks og fin pynt til jul. Pynten har dei fått overteke etter Elins Konditori.

- Julanissen, då, kjem han?

- Ja, sjølvsagt kjem nissen. Og det er den skikkelege Ulvanås-nissen, og han vil nok vera i storform som vanleg, avsluttar Klara samstundes som ho understrekar at dei også arbeider med ein del programinnslag som ikkje vert nemnt her, då dei enno ikkje er heilt klare.

Det ligg heilt klart til rette ein ny suksess, og både Damevennene og publikum fortener fint førjulsvær. Vi gler oss til ein flott førjulskveld!

Av: Thor Inge Døssland